

## Haustetidsvurdering 08.08.2018

Det ligg an til å bli ein rekord tidleg sesong for hausting av eple og pære i år, så for å ikkje koma «bakpå» har me i NLR Vest avd. Njøs saman med Sognefrukt starta opp med uttak av prøvar for vurdering av haustetid for sesongen. Første prøveuttak var tysdag 7.august. Nye prøvar vil i vekene frametter bli teke ut/analysert på tysdagar og kungjort tysdag kveld/onsdag føremiddag på [www.sognefrukt.no](http://www.sognefrukt.no) samt kunngjort i nyheitsbrev frå NLR gjennom sesongen.

Me nyttar oss i stor grad av same prøvehagane som tidlegare slik at me fangar opp både tidlege og seine stader. Dyrkarane må elles sjølv relatera resultatata til eigen hage og gjera eigne vurderingar og analysar om trong. Fokuset vårt også i år er å koma i gong tidleg med hausting av rett sort til rett tid, noko som både produsent og fruktlager tener på i tillegg til at frukta får optimal kvalitet.

Spesifikasjonar og krav til frukta frå grossist ligg i Fruktklienten under fane «Dokumenter» og vidare «Felles». Tips for haustetidsvurderingar og korleis ein skal gå fram for å måla sjølv ligg som tidlegare på Sognefrukt sine heimesider under meny "Medlemsinformasjon". Hå Sognefrukt får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge og NLR sel jodløyising (NB! Er ei anna formulering enn den veterinærane brukar) og hefter med rettleiande verdiar for stivetesting.

**Hugs at sukkerinnhald aleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fastheit og stiveinnhald. Grunnfargen MÅ også vera på plass før hausting! Hausting i fleire omgangar er tilrådd for alle sortar. Frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer.**

**Konklusjon etter første prøveuttak er:** Clara Friis ligg an til å bli hausteklar før Discovery i år og ein kan rekna med utorplukking av Clara Friis mot slutten av veke 33 og utorplukking av Discovery i veke 34.

Nytt prøveuttak 14.august vil gje enno sikrare estimat for hausting.



### Discovery.

Dekkfargen kjem fint, men epla er enno uferdige og manglar også ein heil del på grunnfarge. Kravet er 30% (40% for 6-pakk).

Epla ligg i same rekkefølge som i oppsettet for tala under.



Discovery							Rettlei.
Dyrkar	Ola Aaberge	Tor Yttri	Ivar Slinde	Terje Fosshagen	Eivind Lidal	Svein Jarle Slinde	
Adresse	Sogndal	Leikanger	Slinde	Leikanger	Vangsnes	Ylvisåker	
Dato	07.08.2018	07.08.2018	07.08.2018	07.08.2018	07.08.2018	07.08.2018	
Fruktvekt	0,109	0,120	0,106	0,152	0,117	0,098	
Avling	3	3 til 4	3 til 4	3	3	4	
Grunnfarge	C1	C1	C1/C2	C1/C2	C1/C2	C1	Minimum C3 på vifta
Fastleik	10,7	9,2	9,3	9,3	10,6	9,1	7,0-8,0
Ref	10,7	9,6	10,6	11,4	10,1	9,5	
Stive	2,1	2,4	2,3	2,6	2,2	2,2	6,0-8,0
Streif	0,474	0,399	0,381	0,313	0,479	0,434	0,09-0,16



Grunnfargen ligg på C1-C2 etter fargmalevifta (skal vera C3) og stivnedbrytinga er berre så vidt i gong.



Clara Frijs			Rettlei.
Dyrkar	Gunvor Lidal	<b>Gunvor Lidal</b>	
Adresse	Slinde	<b>Slinde</b>	
Dato	07.08.2018	07.08.2018	
	Kvede	Brockmal	
Fruktvekt (kg)	0,098	0,105	
Avling	4	4	
Fastleik	6,4	6,6	5,0-6,0
Ref	11,0	9,7	ikkje def
Stive	2,5	2,9	4,0-6,0
Streif	0,232	0,236	0,08-0,15